

# Evaluering av Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014-2025 i Fusa kommune

Vedtatt i kommunestyret 8. mai 2014 – j.nr 14/5382

## IDRETT

### Mål

Styrka samarbeidet med frivillig sektor for å fremja idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

| Tiltak                                                                                                                                                                                                                | Status | Kommentar                                                                                                                       |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Fusa kommune vil vidareføra Fusa-modellen for drifting av private idrettsanlegg og inngå forpliktande avtalar for drift og bruk av private idrettsanlegg og kommunale anlegg der idrettslaga har overteke råderetten. |        | Samarbeidsmodellen med frivillig sektor er følgd opp. Avtalar må følgast opp i ny kommune.                                      |
| Ordninga med gratis bruk av skulelokale til trening og aktivitet vert vidareført                                                                                                                                      |        | Vart vidareført til 2020. I Bjørnafjorden er det innført betaling for vaksne frå 2024.                                          |
| Om mogleg styrka tilskotsordningane til investering og drift av private anlegg                                                                                                                                        |        | Tilskotsordningane har ikkje blitt endra i planperioden og heller ikkje prisjustert                                             |
| Fusa kommune skal ta ansvaret for å byggja, eiga og drifta ein framtidig fleirbrukshall i Fusa, i nært samarbeid med frivillig sektor                                                                                 |        | Vart følgd opp ved etablering i 2019 og er vidareført gjennom KF etter 2020.                                                    |
| Fusa kommune skal ha tett og godt samarbeid med idrettsrådet og om ønskeleg inngå ein samarbeidsavtale                                                                                                                |        | Er følgd opp i planperioden og ny samarbeidsavtale er følgd opp i Bjørnafjorden med Bjørnafjorden idrettsråd.                   |
| Fusa kommune skal yta tilskot på inntil 1/3 av godkjend kostnad til bygging av ordinære idrettsanlegg som er godkjend for spelemidlar                                                                                 |        | Ordninga med kommunale investeringstilskot er skrota i BK, men forpliktingane kommunen har teke på seg før 2020 blir ivaretatt. |

## **Anleggsutvikling**

### 2014-2017 – 4-årsplan

Planlagt 35 tiltak 11 ordinære og 14 nærmiljø. 10 prosjekt er realisert.

Store investeringar er realisert som Fjorden arena, krøllgrasbanar i Eikelandssosen (11-ar), Holmefjord (7-ar) og utandørs ridebane i Strandvik.

Mange tiltak på lista er ikkje realisert. Av større anlegg som ikkje er blitt noko av er eigen hall for karate på Fusa. Ingen av dei sju tiltaka som gjaldt skyttarsport er ikkje realisert, m.a. innandørs skytebane i området Eikelandssosen/Holdhus. Det var også i planen ei rekkje innspel til nye nærmiljøanlegg som ikkje har materialisert seg i nye anlegg. Det gjeld t.d. anlegg rundt Fusa vidaregåande skule, men her vart det i staden bygd ein dobbel sandvolleyballbane etter 2017 som ikkje er nemnd i planen.

### **Vurdering:**

Det har skorta på gjennomføringsevne i mange av tiltak i planen. Idrettshallen kom først i 2019.

### 2014-2025 – Langtidsplan

I langtidsplanen var det lagt inn 21 anlegg og berre seks av desse er realisert, m.a. krøllgrasbane i Strandvik (7-ar) og sandvolleyballanlegg i Strandvik.

### **Vurdering:**

Ny idrettshall i Eikelandssosen sto ferdig hausten 2019 og gjorde at behovet for bygging av eigen hall for karate fall bort. Det same gjaldt behovet for eige idrettsbygg ved idrettsanlegga i Eikelandssosen.

Nærmiljøanlegg ved dei kommunale skulane er tekne tak i. Skulane i Strandvik og på Holdhus blei private montessoriskular i 2017 og fekk ikkje høve til å søka om spelemidler til nye anlegg. Anlegg ved Fusa vgs er på kommunal grunn.

Vi ser at det har kome til nye anlegg som ikkje låg i planen frå 2014. Det gjeld m.a. sandvolleyballbane og padletennisbane på Bogøy. På tampen av perioden fekk vi også ei større ombygging og rehabilitering av Fusa idrettsplass som ikkje var lagt planar for i kommunedelplanen.

## FRILUFTSLIV

### Mål

Gje alle høve til å driva aktivt friluftsliv

| Tiltak                                                                                                                                                                                                                                  | Status | Kommentar                                                                                                                                                                                                          |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Leggja til rette turveggar, badeplassar og fiskeplassar for menneske med spesielle behov                                                                                                                                                |        | Det er eit generelt fokus på dette både hjå kommunen og BOF som forvaltar kommunale friluftsområde.                                                                                                                |
| Setja av areal til friluftsliv i alle bygder i arealdel til kommuneplanen                                                                                                                                                               |        | Er tatt høgde for i arealplan som vart vedteken i                                                                                                                                                                  |
| Vidareføra turmerkingsprosjekt slik at det i planaperioden 2014-2021 blir opparbeidd 20 nærturstiar                                                                                                                                     |        | I alt 27 turstiar er ein del av merkeprosjektet på Fusa-sida. Det har vore manglande kapasitet til å følgja opp tiltaka i perioden.                                                                                |
| Vidareføra turmerkingsprosjekt slik at turinformasjon er digitalt tilgjengeleg                                                                                                                                                          |        | Nokre turane ligg i UT.NO, men det er ikkje ei samla oversikt på kommunen si heimeside                                                                                                                             |
| Utvikla temabasert informasjon til turstiar t.d. sogesti for postvegen Strandvik-Fusa                                                                                                                                                   |        | Det er produsert ei ny trykt utgåve av temahefte om postvegen over Fusa-fjellet. Det er også jobba med ei eiga infotavle, men denne er ikkje ferdigstilt.                                                          |
| Hjelpe til med finansiering og praktisk tilrettelegging og vedlikehald av turstiar                                                                                                                                                      |        | Det er ytt tenester og gitt oppfølging i aktuelle saker i planperioden                                                                                                                                             |
| Oppdatera turkartet i planperioden                                                                                                                                                                                                      |        | Det er ikkje jobba med turkart for Fusa og det er heller ikkje jobba med nytt turkart for BK                                                                                                                       |
| Utvikla nye turkart for Fusa over mindre område i digital form                                                                                                                                                                          |        | Dett er ikkje følgd opp                                                                                                                                                                                            |
| Bygga to turveggar i planperioden. Val av trasé skal vurderast ut frå framlegg i komande arealdel til kommuneplanen. Turvegane skal vera universelt utforma, med ein standard som legg til rette for ferdsel med rullestol og barnevogn |        | Det er ferdig planlagt to turveggar i områdeplan for Eikelandosen. Ein trasé langs Koldalselva og ein annan frå Koldal til Skjelbreid på nordsida av Skjelbreidvatnet, men ingen av vegane er bygd i planperioden. |
| Legga til rette minst to av friluftsområda for menneske med spesielle behov i planperioden                                                                                                                                              |        | Vinnesholmen er svært godt tilrettelagt med fleire tiltak. Det er også slik tilrettelegging i områda som er drifta av BOF.                                                                                         |
| Legga til rette minst ein fiskeplass for funksjonshemma i planperioden                                                                                                                                                                  |        | Er ikkje følgd opp i planperioden                                                                                                                                                                                  |

|                                                                 |  |                                                                                    |
|-----------------------------------------------------------------|--|------------------------------------------------------------------------------------|
| Opparbeida parkeringsplassar ved utfartsområde for friluftsliv. |  | Er ikkje følgd opp med konkrete tiltak sjølv om lokasjonar har vore til vurdering. |
|-----------------------------------------------------------------|--|------------------------------------------------------------------------------------|

### Anleggsutvikling:

Friluftsanlegga som gjekk fram av planen for 2014-2027 er ikkje realisert som tiltak i perioden. BOF har likevel hatt noko arbeid på dei offentlege friluftsområda. I langtidsplanen til 2025 er det realisert arbeid med opprusting og utvikling av friluftsområdet på Vinnesholmen i regi av Vinnesholmen kystlag i samarbeid med kommunen. Det er også bygd dagsturhytte ved Botnavatnet «Tinahytto» i regi av Bygdautvalet i Hålandsdalen. Tiltak som ikkje er nemnd i planen, men som vart realisert i Bjørnafjorden, er dagsturhytta Vetlevarðhytto.

## FYSISK AKTIVITET

### Mål

Fusa kommune skal ha fokus på og fremja fysisk aktivitet og betra folkehelsa i Fusa.

| Tiltak mot skule og barnehage                                                                                                                   | Status | Kommentar                                                                                                             |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Fusa kommune må utarbeida ei «Fusa-nista» også for fysisk aktivitet med felles visjon, mål og tiltak for fysisk aktivitet i skule og barnehage. |        | Er ikkje følgd opp i planperioden.                                                                                    |
| Opprusta uteområda på skulane og barnehagane til å bli meir aktivitetsstimulerande                                                              |        | Er følgd opp i planperioden                                                                                           |
| Bygga fleire gang- og sykkelvegar slik at fleire kan gå og sykla til skule- og barnehage på ein trygg måte.                                     |        | Få tiltak blir realisert. Slike tiltak er kostbare og er ofte avhengig av både kommunale og fylkeskommunale løyvingar |
| Utvikla nærmiljøanlegg som både ålmenta og skule og barnehage kan dra nytte av t.d. friluftsområde                                              |        | Har gode døme på dette som er realisert                                                                               |
| Tilby godt utstyrt og tilfredstillande gymnastikksalar til bruk i skule og barnehagar                                                           |        | Fekk eit stort løft med ny idrettshall                                                                                |
| Tilby kompetansehevande kurs og etterutdanning innan fysisk aktivitet blant personale i skule og barnehage.                                     |        | Usikker på om denne er fanga opp                                                                                      |

|                                                                                                                                                                                                                 |               |                                                                                                                                                     |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Godt sikra kompetanse vil auka aktivitetsnivået.                                                                                                                                                                |               |                                                                                                                                                     |
| Innføra trivselsleiarprosjektet, eller liknande lokale tiltak, som ei felles satsing på alle kommunale skular i Fusa. Også private skular får tilbodet                                                          |               | Trivselsleiarprosjektet vart følgd opp fram til 2019 og kommunesamanslåinga. Planen sikra ikkje ei god nok forankring for andre forslag til tiltak. |
| Driva haldningsskapande arbeid. Både blant elevar, tilsette og foreldre. Eks «gå til skulen» kampanje.                                                                                                          |               | Usikker på om denne er fanga opp                                                                                                                    |
| Delta på prosjekt som stimulerer til fysisk aktivitet og friluftsliv                                                                                                                                            |               | Usikker på om denne er fanga opp                                                                                                                    |
|                                                                                                                                                                                                                 |               |                                                                                                                                                     |
| <b>Tiltak for heile befolkninga</b>                                                                                                                                                                             | <b>Status</b> | <b>Kommentar</b>                                                                                                                                    |
| Fusa skal nytta fysisk aktivitet i det førebyggjande og helsefremmande arbeidet for alle aldersgrupper                                                                                                          |               | Er truleg følgd opp av dei aktuelle tenestene                                                                                                       |
| Etablera rutinar for å sikra at kravet om universell utforming vert ivareteke ved rehabilitering og nybygg av anlegg til idrett og friluftsliv                                                                  |               | Dette var ikkje tilfredstillande ivaretatt i Fusa kommune.                                                                                          |
| Bygga fleire gang- og sykkelveggar. Det gjev trygge nærmiljø og stimulerer til fysisk aktivitet                                                                                                                 |               | Få tiltak blir realisert. Slike tiltak er kostbare og er ofte avhengig av både kommunale og fylkeskommunale løyvingar                               |
| Driva haldningsskapande arbeid gjennom førebyggjande kommunale instansar(t.d. helsestasjon og legetenesta) og i samarbeid med lag og organisasjonar                                                             |               | Er truleg følgd opp av dei aktuelle tenestene                                                                                                       |
| Satsa på vidare på å merka og leggja til rette turløyper i kommunen. Det vert også viktig å gjera informasjon om turløyper og friluftsliv lett tilgjengeleg via informasjonstavler og informasjon via nettsider |               | Er følgd opp, men gjennomføringsevne har vore haltande.                                                                                             |
| Kommunen skal leggja til rette for og fremma folkehelsearbeid i frivillige lag og organisasjonar t.d. utbygging av idrettsanlegg, idrettsskule for psykisk utviklingshemma, symjekurs, utstyrsbank mm           |               | Er følgd opp gjennom realisering av m.a. ny idrettshall og tilrettelagd idrettsskule. BUA kom først i fullskala versjon i BK.                       |
| Arbeida for eit betre kollektivtilbod og tiltak som t.d. «Skyss te ferjo» som kan gjera det lettare å ta del i aktivitet.                                                                                       |               | Er ikkje følgd opp                                                                                                                                  |

## **Oppsummerande vurdering:**

Kommunedelplanen 2014-2025 bidrog til gode prinsipielle avklaringar og retning på det kommunale engasjementet i sektoren. Det største løftet for aktivitet i planperioden var bygginga av Fjorden arena, som samla og gav heilt nye vilkår for hallidrettane.

Tiltaka på idrettsfeltet er i stor grad følgd opp, men svak kommuneøkonomi sette ein stoppar for oppjustering av drifts- og investeringstilskot. Fleire store og viktige anlegg er bygd for å stimulera ulike idrettar som fotball, hestesport og sandvolleyball. Det er spelt inn mange forslag til anlegg som ikkje er bygd. Det gjeld både anlegg i kommunal regi og lagsregi. Forklaringa kan vera endra vilkår som skulenedlegging og manglande økonomisk evne til gjennomføring både for kommune og lagsliv. Vi ser også at det ofte er kort planleggingshorisont i lagslivet og at det er krevjande å sjå for seg kva som er aktuelt og mogleg i eit 12-års perspektiv.

Innan fysisk aktivitet er det ikkje beint fram å gje ein status for gjennomføring av tiltaka. Mange av tiltaka er lite konkrete og ber meir preg av å setja retning, altså vera strategiske val, snarare enn å vera konkrete tiltak som nokon har ansvar for. Andre tiltak som bygging av gang og sykkelveggar, er svært kostnadskrevjande og vanskeleg realiserbare.

På området friluftsliv har det skjedd positive ting i planperioden, men det har skorta mykje på kapasitet i kommuneorganisasjonen til å gjennomføra gode intensjonar og tiltak i planen.

Kultureininga

Osøyro 6. mars 2025